



Tett i tett på båthamna! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ei spalte i nettavisa gjestehavner.no inneheld mange rosande ord om båthamnane i Uskedalen - under spalta RIS OG ROS.
Til dømes skriv Torunn at vi har alt.**



Ein tilfreds bergensar legg til kai tysdag ettermiddag: Rita Christophersen får hjelp av Svein Tonneng. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vi gjev att ytringa hennar:

' Etter noen dager i Uskedalen må jeg absolutt anbefale denne havnen i naturskjønne omgivelser. Her har vi alt! Muligheter for flotte turer og distriktets beste fiskeelv, koselig vertshus og kortpumpe med drivstoff og butikk på kaia.

Flott strand og godt aktivitetstilbud ved skolen like ved.

Særdeles hyggelige havneverter'

Tone skriv slik:

'Strålende havn i flotte omgivelser. God service! Naturskjønt! Vertshus, diesel på kortpumpe, butikk og servicebygg i havna. Flott tilrettelagt!'

Ei tredje ytring lyder slik:

'Det er en stor opplevelse å komme til denne havna. Kunne ramse opp ei lang liste. Det blir finere og bedre for hvert år'.

Tevlinga om Årets Gjeshavn held ellers fram og lista er i dag uendra frå ei veke attende mellom dei fire første på lista.

Det betyr at Husnes er i leiinga framleis, framfor Uskedalen, Askvoll Sentrumshavn og Rosendal Hamn.

Av Ola Matti Mathisen